

Samarbeidsavtale mellom Stord kommune og Stord idrettsråd

Bakgrunn og formål med avtalen

Kommunen og idretten har eit felles mål om å skapa eit levande lokalsamfunn der folk kjenner seg trygge, finn meining, og trivst. Formålet med denne avtalen mellom Stord kommune og Stord idrettsråd er styrking av det naudsynte samspelet mellom Stord kommune og Stord idrettsråd. Dette skal bidra til klargjering av viktige prinsipp og gjensidige krav og forventningar.

Samarbeidet

Eit hovudprinsipp er at saker som klubbane ynskjer å fremja for kommunen, og som er av felles interesse for idretten, skal formidlast til kommunen gjennom idrettsrådet. Det betyr at kommunen ikkje forvaltar/avsluttar si sakshandsaming utan at den har vore på høyring hjå idrettsrådet, eller at idrettsrådet har medverka på annan måte, avhengig av type sak.


Kommunen skal ha dialog med idrettsrådet i forkant av kommunen sitt arbeid med handlingsprogram/budsjett, dvs. driftsbudsjettet og investeringsbudsjettet, som angår kultur-/idrettsfeltet.

Idrettsrådet er høyringsinstans i samband med rullering og revisjon av alt i kommunen sitt planarbeid, relevant for idrett, friluftsliv og nærmiljø.

All kommunikasjon mellom Stord idrettsråd og Stord kommune skal vera basert på openheit og meiroffentlegheit.

Høyringsrett: Stord idrettsråd har høyringsrett i alle saker som direkte gjeld idretten eller som har konsekvensar for idretten.

Stord kommune sin administrasjon sørgjer for at Stord idrettsråd sine innspel følgjer dei andre sakspapir til avgjerande instans, eller på annan måte vert referert i den endelege skriftlege saksdokumentasjonen.



Administrative møte: Kommuneadministrasjonen og Stord idrettsråd møtast ved behov, minst ein gong pr. år.

Informasjonsmøte: Dersom det skjer store endringar/omleggingar av til dømes tilskotsordningane skal Stord kommune kalla inn idrettsrådet til møte.

Kommunale støtteordningar: Stord idrettsråd gir tilråding til kommunen om fordeling av kommunale kulturmidlar og anleggsmidlar til idrettslaga.

Anlegg/nybygg: Stord idrettsråd skal vurdere søknader om anlegg/nybygg frå idrettslaga og gjera prioriteringar av ulike typar anlegg (små, store, rehabilitering) som innspel til handlingsplanen til kommunen.


Stord idrettsråd skal gi tilråding til kommunen om den årlege prioriteringslista for spelemiddelsøknader ved innsending av desse.

Revisjon/oppseiing av avtalen

Partane skal i fellesskap gå gjennom og evaluera avtalen kvart fjerde år etter inngåinga, men avtalen kan elles reviderast når partane er samde om det. Kvar av partane kan seia opp avtalen skriftleg med seks månaders varsel.

Stord 07/10/2016

Stad, dato



Stord kommune
Ordførar



Stord idrettsråd
Leiar